

Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

16.4.2026

Sak 1 Konstituering

Sakliste

- 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, val av to protokollunderskrivarar
- 2 Godkjenning av årsmelding
- 3 Godkjenning av revidert rekneskap
- 4 Gjennomgang av arbeidsplan
- 5 Gjennomgang av budsjett
- 6 Kringkastingsprisen – retningslinjer
- 7 Val

Kringkastingsringen

Årsmelding for perioden 24.4.2025–16.4.2026

På årsmøtet 24.4.2025 vart dette styret valt:

Styreleiar: Jógvan Helge Gardar, 1 år
Styremedlem: Beate Marie Dahl Eide, 2 år
Styremedlem: Erlend Blaalid Oldeide, 2 år
Styremedlem: Hannah Kolås, 1 år att
Styremedlem: Elise Kvien, 1 år att
Varamedlem: Hans-Olav Rise, 1 år
Varamedlem: Susanne Myklebust Egset, 1 år
Varamedlem: Arne Henning Årskaug, 1 år
Varamedlem: Kristin Mork, 1 år

I tillegg valde årsmøtet folk til to andre verv:

Revisor: Frida Pernille Mikkelsen
Valnemnd: Sigrid Sørungård Botheim, Kjartan Helleve og Aksel Torsnes Mehlum

Styrearbeid

Det har vore seks styremøte i perioden. I tillegg har styret jamleg kontakt i ei Messenger-gruppe og på e-post.

Medlemmer

Kringkastingsringen hadde 572 betalande medlemmer (inkl. livstidsmedlemmer) per 31.12.2025. Det inneber ein liten nettoauke frå 565 året før, og vi har hatt medlemsauke tre år på rad.

Økonomi

Rekneskapen for 2025 syner eit underskot på 42 667,29 kr. Underskotet er noko større enn i budsjettet for 2025, først og fremst pga. ein lågare gåvesum enn budsjettert. I 2025 fekk Kringkastingsringen inn 185 006,57 kr i medlemspengar og 141 228,27 kr i gåver.

Administrasjon

Aksel Torsnes Mehlum har vore tilsett i stillinga som dagleg leiar (30 prosent) i heile perioden. Arbeidet er basert på bruk av heimekontor og lån/leige av møterom når det trengst.

Aktivitet retta mot medlemmene og allmenta

Kringom er medlemsbladet for Kringkastingsringen og blir sendt i posten til alle betalande medlemmer og dessutan om lag 20 gratisabonnentar, særleg i NRK-systemet. I tillegg får medlemmer som ikkje har betalt medlemspengar på ei stund, blad og giro i ein periode i håp om at dei skal ta opp att medlemskapen. Til saman blir det sendt ut om lag 750 blad per utgåve. I 2025 kom det fire nummer, og det same er planlagt i 2026. Saman med Kringom kjem det giro for medlemspengar og frivillige gåver. Den daglege leiaren skriv og samlar det meste av stoffet, og Fonna Forlag står for produksjonen. Bladet fylte 30 år i 2025.

Nettsidene (kringkastingsringen.no) har grunnleggjande informasjon om organisasjonen (t.d. kontaktpersonar, innmeldingsskjema, styringsdokument og tidlegare utgåver av Kringom), medan Facebook-sida blir oppdatert oftare. Facebook-sida hadde 806 følgjarar per 9.4.2026 (759 året før).

Kringkastingsringen (ved styreleiaren eller den daglege leiaren) har ei fast spalte i Norsk Tidend.

Kringkastingsringen har sendt fire eigne fråsegner/høyrings svar i årsmøteperioden:

- høyrings svar om regelendingar for tilskot til samiske medium (Kulturdepartementet)
- fråsegn til støtte for landslinje for medium og kommunikasjon (Volda vidaregåande skule)
- innspelsnotat til rapport om NRKs bidrag til mediemangfaldet (Medietilsynet)
- brev med oppmoding om nynorskteksting av filmen «Kraken» (produsent Einar Loftesnes)

Organisasjonen deltek elles i høyringar som del av Nynorsk forum.

Tilskipingar

Kringkastingsringen fylte 70 år i 2025, og serien med nynorskpubar, som vart starta i februar 2025, heldt fram gjennom 2025 og inn i 2026.

Årsmøtet 22.4.2025 vart halde på Kaffistova og kombinert med nynorskpub der NRK-journalist Håvard Grønli heldt eit innlegg med temaet «val på nynorsk». Tolv personar var til stades.

Kringkastingsringen skipa til nynorskpub i Bikuben på Det Norske Teatret både 15.10.2025 og 26.2.2026. Den første hadde temaet «nynorsk sjølvtilitt på heime- og bortebane», og Frank Ertesvåg frå VG og Maren Braut og Rune Fossum Lillesvangstu frå NRK Nynorsk mediesenter var gjester. Om lag 30 personar var til stades. Den andre hadde temaet «(nynorsk)teksting på skjerm og lerret», og Annvor Seim Vestrheim frå Språkrådet og Morten Gottschalk frå Navio var gjester. Om lag 40 personar møtte opp. Både arrangementa har vore lagde til tidspunktet Nynorsk mediesenter har oslobesøket sitt, og det gjev både auka deltaking og auka engasjement.

Kringkastingsprisen og anna heidring

Kringkastingsprisen for 2024 vart delt ut i juni 2025 og gjekk til Ingrid Halstensen (TV 2). Seremonien var ei overrasking i TV 2-lokala i Bergen. Kringkastingsprisen for 2025 gjekk til Vidar Eidhammer (NRK) og vart delt ut som eit overraskingsinnslag på nynorskpuben i februar 2026. Både prisutdelingane har fått blest i både nasjonale og lokale medium, og prisvinnarane har fått grundig omtale i Kringom.

Kringkastingsringen har dessutan halde fram med tradisjonen med å heidre journalistar med diplom og nynorskknopp på uformelle overrekkingar:

- Jan Børge Leirvik (oktober 2025)
- Frank Ertesvåg (oktober 2025)

Representasjon

Kringkastingsringen organiserer dei faste møta mellom NRK-leiinga og målrørsla. Kringkastings sjefen, språksjefen og fleire andre NRK-leiarar var til stades på møtet 16.12.2025, og styreleiaren og den daglege leiaren stilte frå Kringkastingsringen (og det same frå Noregs Mållag og Norsk Målungdom).

Inger Johanne Sæterbakk har nestleiarvervet i Stiftinga Nynorsk pressekontor. Hans-Olav Rise sit som styremedlem, og Beate Marie Dahl Eide og Aksel Torsnes Mehlum er varamedlemmer.

Kristofer Olai Ravn Stavseng har nestleiarvervet i Stiftinga Vener av Dag og Tid.


Den daglege leiaren møter fast i Nynorsk forum.

Oslo, 9.4.2026

Jógvan Helge Gardar (styreleiar) og Aksel Torsnes Mehlum (dagleg leiar)




Kringom nr. 2/2025



Kringom nr. 3/2025



Kringom nr. 4/2025



Kringom nr. 1/2026



Håvard Grønli, årsmøte/nynorskpub på Kaffistova apr. 2025.



Frank Ertesvåg, Rune Fossum Lillesvangstu og Maren Braut, nynorskpub på DNT okt. 2025.



Møte mellom NRK-leinga og Kringkastingsringen, Noregs Mållag og Norsk Målungdom, des. 2025.



Annvor Seim Vestrheim og Morten Gottschalk, nynorskpub på DNT feb. 2026.



Kringkastingsprisen 2024 til
Ingrid Halstensen, jun. 2025.



Kringkastingsprisen 2025 til
Vidar Eidhammer, feb. 2026.



Diplom og nynorskopp til høvesvis Jan Børge Leirvik og Frank Ertesvåg.

Resultatregneskap for Kringkastingsringen

	Regneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Medlemspengar	185 006,57	190 000,00	190 000,00
Momskompensasjon	30 870,00	25 000,00	32 000,00
Gåver	141 228,27	160 000,00	150 000,00
Sum driftsinntekter	357 104,84	375 000,00	372 000,00
Lønn	165 154,00		
Feriepengar	19 818,48		
Arbeidsgjevaravgift	25 462,77		
Arbeidsgjevaravgift av utrekna feriepengar	2 794,40		
Obligatorisk tenestepensjon (OTP)	10 186,00		
Sum lønnskostnader	223 415,65	225 000,00	230 000,00
Revisjonshonorar	0,00	3 000,00	0,00
Porto (utanom Kringom)	4 366,00	4 000,00	5 000,00
Kringom (inkl. porto)	120 405,12	125 000,00	125 000,00
Verving og marknadsføring	18 586,71	20 000,00	15 000,00
Kringkastingsprisen og anna heidring	7 140,00	7 000,00	10 000,00
Møte og tilskipingar	19 095,25	20 000,00	10 000,00
Øreavrunding	-14,10	0,00	0,00
Bankgebyr	2 442,00	3 000,00	3 000,00
Andre driftskostnader	8 332,50	8 000,00	8 000,00
Sum andre driftskostnader	180 353,48	190 000,00	176 000,00
Sum driftskostnader	403 769,13	415 000,00	406 000,00
Driftsresultat	-46 664,29	-40 000,00	-34 000,00
Renter	3 997,00	5 000,00	4 000,00
Sum finansinntekter	3 997,00	5 000,00	4 000,00
Årsresultat	-42 667,29	-35 000,00	-30 000,00

Kringkastingsringen

Jamvekt 2025

	1.1.2025	31.12.2025
Aksjar	1 550,00	1 550,00
Kortsiktige fordringar	0,00	2 540,00
Brukskonto	29 388,50	14 388,94
Sparekonto	160 230,37	134 167,37
Skattetrekkskonto	6 778,01	5 856,01
Eigedelar	197 946,88	158 502,32
Kortsiktig gjeld (pensjon)	-1 239,00	-1 332,00
Forskotstrekk (skatt på lønn)	-7 038,00	-6 116,00
Skyldig arbeidsgjevaravgift	-3 988,00	-6 438,00
Anna	-2 597,38	-2 794,45
Skyldige feriepengar	-18 413,82	-19 818,48
Gjeld	-33 276,20	-36 498,93
Resultat 2025		-42 667,29
Eigenkapital	164 670,68	122 003,39

Oslo, 13. april 2026

Til årsmøte i Kringkastingsringen

Fråsegn om årsrekneskapen

Eg stadfestar at eg som ettersynskvinne for Kringkastingsringen har kontrollert årsrekneskapen for 2025 med resultat -42 667,29 kroner, og jamvekt.

Som ettersynskvinne har eg ved kontrollert rekneskap og jamvekt og ikkje avdekt brot på god rekneskapsskikk. Styret ved dagleg leiar kan gjere god greie for den økonomiske stoda i laget.

Eg konkluderer med at rekneskapen er ført rett, og at årsresultatet og jamvekta blir lagt fram på ein riktig måte for årsmøtet.

Med helsing



Frida Pernille Mikkelsen
Ettersynskvinne

Kringkastingsringen

Arbeidsplan 2026–2027

Kringkastingsringen skal arbeide for at

- a) styresmaktene legg til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media
- b) språket i medieverksemdene speglar språkmangfaldet i Noreg
- c) fleire journalistar nyttar nynorsk

Det vil vi gjere gjennom følgjande tiltak:

1 Påverke styresmaktene

Norsk språkpolitikk må synast att i norsk mediepolitikk. Kravet om minst 25 % nynorsk i NRK har vore utruleg viktig for nynorsken. Diverre har krava til andre allmennkringkastarar ikkje vore like tydelege, og styresmaktene har heller ikkje nokon god strategi når det gjeld nye plattformer.

Kringkastingsringen skal løfte opp spørsmålet om nynorsk, dialekter og samisk i samanhengar der det er naturleg, og minne styresmaktene på at dette spørsmålet høyrer heime i mediepolitikken. Særleg viktig er dette i program og tilbod retta mot born og unge.

Tiltak

- Levere høyringssvar på aktuelle saker, gjerne i samråd med Nynorsk forum
- Skrive lesarinnlegg
- Løfte fram problemstillinga i eigne kanalar
- Ha eigne møte med styresmakter og politikarar

2 Følgje opp medieverksemdene

Skepsisen mot nynorsk er mindre enn kva han var tidlegare i redaksjonane, men fleire døme har i det siste synt at han er langt frå borte. Større aksept for og meir bruk av nynorsk i mediebialetet kjem ikkje av seg sjølv. Difor skal Kringkastingsringen halde fram med å møte redaksjonane direkte og snakke om nynorsk og dialekt.

Tiltak

- Ha møte med kringkastingssjefen og leiinga i NRK
- Halde fram med å søkje møtepunkt med TV 2 og andre kringkastarar
- Vere aktive i styra for Stiftinga Nynorsk pressekontor og Stiftinga Vener av Dag og Tid og ha jamleg kontakt mellom representantane våre i desse styra og styret i Kringkastingsringen
- Freiste å skape kontakt med leiinga i dei media som framleis har nynorsknekt for journalistane

3 Møte journalistane

For at nynorsken og dialektene skal få ein rettkommen plass i media, trengst det nynorskskrivande journalistar. Desse journalistane må ha den tryggleiken som trengst for å halde på språket sitt i ei bokmålsdominert medieverd. Her spelar journalistutdanningane ei viktig rolle.

Tiltak

- Sende helsing til nynorskpraktikantane kvart halvår
- Samarbeide med Norsk Journalistlag og Nynorsk mediesenter om tilskipingar
- Gje merksemd til nynorskskrivande journalistar og til journalistar og andre som har gjort ein innsats for å fremje nynorsk, dialekt eller samisk i mediebialetet

4 Gjere organisasjonen synleg

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon, og det er viktig å vise fram arbeidet som blir gjort på vegner av medlemmene våre. Ein synleg organisasjon gjev oss større tyngd i møte med styresmaktene og medieverksemdene.

Tiltak

- Dele ut Kringkastingsprisen
- Dele ut kopp og diplom
- Arrangere opne temakveldar (nynorskpubar)
- Gje ut Kringom fire gonger per år
- Nytte heimesida og sosiale medium til å nå ut med politikken vår
- Delta i Nynorsk forum
- Delta i Noregs Mållag-samanheng når det er naturleg

5. Styrkje organisasjonen

Medlemmene våre gjev oss både tyngd som interesseorganisasjon og økonomi til å drive språk- og mediepolitisk arbeid. Vi har svært lojale medlemmer, men aldersnittet er framleis høgt, og det er relativt få medlemmer under 30 år. Å auke talet på betalande medlemmer ytterlegare er difor ei viktig oppgåve dei kommande åra.

Tiltak

- Leggje vekt på verving gjennom heile året
- Ha oppdatert vervemateriell

Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

16.4.2026

Sak 6

Kringkastingsprisen – retningslinjer

Kringkastingsprisen blir kvart år delt ut til ei røyst i eteren som utmerkjer seg med godt språk i radio, fjernsyn eller redaktørstyrte podkstar, og som på ein framifrå måte brukar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet. Kringkastingsringen har delt ut prisen årleg sidan 1978. Alle medlemmer kan nominere kandidatar, og styret fungerer som jury for prisen.

Styret bad årsmøtet i fjor ta stilling til om ein skulle justere desse retningslinjene med å leggje til *samisk* attmed *nynorsk eller dialekt*. Saka vart lagd fram utan noka innstilling frå styret. Årsmøtet valde å ikkje gjere noko vedtak, men bad styret i staden greie ut saka og komme attende med ei innstilling til neste årsmøte.

Styret har no komme fram til å *ikkje* føreslå ei endring på dette punktet.

Bakgrunnen for at styret løfte problemstillinga i fjor, var at Kringkastingsringen i mange år har arbeidd for at «nynorsk normalmål, norske dialektar og samisk mål skal få eit rettkome rom i norsk kringkasting og andre norske massemedium» (henta frå § 1 i vedtektene). Dette vedtektpunktet har ikkje vore spegla i retningslinjene for prisen. (Kringkastingsprisen er ikkje vedtektsfest.)

Når styret no føreslår å ikkje endre retningslinjene, har det fleire grunnar:

Jurykompetanse

I retningslinjene står det at prisvinnaren skal ha brukt språket sitt på ein framifrå måte. Det er styret som fungerer som jury for prisen, og då er det avgjerande at styret har kompetanse til å bedømme kandidatane ut frå dette punktet. Slik styra i Kringkastingsringen til no har vore samansette, har styret til kvar tid til denne kompetansen når det gjeld nynorsk og dialekt, men det vil krevje mykje å bedømme kandidatane på ein skikkeleg måte når det gjeld samisk.

Andre heidringsmåtar

Kringkastingsprisen er ikkje den einaste måten Kringkastingsringen kan gje merksemd for god innsats på saksfelte våre på. Vi har koppar og diplom som vi gjev til journalistar

eller andre som har utmerkt seg positivt. Slike overrekkingar har òg heidra samiskbrukarar, og det kan vi halde fram med. Dessutan gjev vi jamleg merksemd til samisk journalistikk i medlemsbladet.

Samisk journalistpris

Endeleg finst allereie den samiske journalistprisen som Samisk journalistlag står for. Styret meiner at det miljøet har betre føresetnader for å dele ut ein pris for framifrå bruk av samisk, og ønskjer heller ikkje å gå dei i næringa.

Konklusjon

Styret føreslår altså å halde fram med dei gjeldande retningslinjene. Om ikkje årsmøtet vedtek noko anna, blir retningslinjene ståande uendra.

Kringkastingsringen
Ordinært årsmøte 16.4.2026
Sak 7 Val

Valnemnda har hatt tre medlemmer: Sigrud Sørungård Botheim, Kjartan Helleve og Aksel Torsnes Mehlum.

Følgjande personar er innstilte til verv i Kringkastingsringen:

Styreleiar	Beate Marie Dahl Eide (no styremedlem), 1 år
Styremedlem	Geir Bjarte Hjetland (ny), 2 år
Styremedlem	Hannah Kolås (attval), 2 år
Styremedlem	Jógvan Helge Gardar (no styreleiar), 1 år
Styremedlem	Erlend Blaalid Oldeide (ikkje på val), 1 år att
1. varamedlem	Susanne Myklebust Egset (attval), 1 år
2. varamedlem	Hans-Olav Rise (attval), 1 år
3. varamedlem	Kristin Mork (attval), 1 år
4. varamedlem	Arne Henning Årskaug (attval), 1 år
Revisor	Frida Pernille Mikkelsen (attval), 1 år

Styret innstiller følgjande personar som valnemnd for kommande periode:

Sigrud Sørungård Botheim (attval), 1 år
Kjartan Helleve (attval), 1 år
Aksel Torsnes Mehlum (attval), 1 år